

Samnanger Næringsforum
(Org. No 992 811 870 – Enhetsregisteret)

Samnanger Kommune,
v/Rådmann Tone Ramsli
Tyssevegen 217
5650 Tysse

| | |
|-------------------------|-----------------|
| SAMNANGER KOMMUNE | |
| SENTRALADMINISTRASJONEN | |
| SAK NR | J'IP |
| 24 NOV 2016 | |
| EMNEKODE: | |
| OBJEKTkode | |
| SAKSH: | GRADERING |

Årland 23.11.2016

SØKNAD OM TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND

Som det går fram av annonse i Bergens Tidende 12.11.2016 har Hordaland fylkeskommune sett av inntil tre millionar kroner øyremerkt til utbygging av infrastruktur for breiband i område av fylket der det ikkje er kommersielt interessant å byggja ut. Kommunar i Hordaland kan søkja.

Midlane kan bl.a. nyttast til å tryggja at husstandar, næringsliv og offentleg sektor blir dekte i utbyggingsområda. Samnanger Næringsforum meiner at Sagen og Rolvsvåg område fell inn under desse kreteria, og oppmodar Samnanger Kommune om påny å søkja. Blant medlemmane våre, som er etablert i Rolvsvåg, har fylgjande gjeve uttrykk for at breiband og betre kommunikasjon er svært viktig: Odland Maskin AS, FAGInnredning, Hordaland Asfalt AS, Knut Inge Svendsdal, Conform Bergen, og Lerøy Vest AS Sagen settefisk. I tillegg kjem fleire private husstandar i Trengereidfjord - Rolvsvåg området.

Samnanger Næringsforum vil og peika på at utbygd breiband vil vera viktig ved marknadsføring og sal av nye tomter i det regulerte industriområdet i Rolvsvåg.

Det går fram av nemnte annonse at det er Samnanger kommune som må stå som søker. Søknadsfrist er sett til 31.januar 2017.

Dersom det er noko Næringsforumet kan bidra med i denne samanhengen, høyrer me gjerne frå Dykk.

Med beste helsing

SAMNANGER NÆRINGSFORUM

Knut M Bjørnås

(Sign)

Cc: (pr. E.mail) Ordførar Knut Harald Frøland, Sektorleiar organisasjon Jan Erik Boge.